

Bedehusbasaren på fredag

19.10.2011



Jon Harald Kjærland sel årer i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den årlege bedehusbasaren vert halden no  
på fredag den 21.oktober. kl.19.00  
Ifjor og i forfjor gav den knapt 25 000 i inntekt og så spørs det om  
resultatet blir enda betre i år.**

Leiar i Indremisjonen Jon Harald Kjærland fortel at det tradisjonen tru vert åresal, talongbøker og boktrekningar av fine gevinstar. Han held fram;

- Vi får besøk av Jens Tveit frå Etne som held andakt.  
Elles skal vi kosa oss med kaffi og kaker og spennande trekningar.

Eg kan nemna at sist vinter og vår har vi pust opp, isolert og stelt i stand hobby- og lagerrom der vi før hadde kjøken i kjellaren.  
I haust har vi skeina opp peisestova og og malt golv, tak og veggar,  
og vi har fått lyse trivelege lokale med nye gardiner.

Kjellarromma blir kvar veka brukt til barnelag-samlingar og hobbyaktivitetar.  
Eg vonar mange kjem på basaren og soleis støttar arbeidet.  
Styret ynskjer små og store hjarteleg velkomne.